



Valle og Hylestad sokneråd

4747 Valle
Tlf.: 97784706
e-post: post@valle.kyrjka.no
Valle 2021-10-27

MØTEBOK

Tirsdag 26. oktober kl. 15.30 på kyrkjekontoret i Valle

Til stade:

Lisbeth D. Homme,
Knut Hagen
Bente Bjørgum,
Liv B. Ryningen,
Sissel Åkre,
Gudrun Sagneskar,
Knut Olav Uppstad – kom etter SR sak 06/21
Prost Gunnar Ellingsen møtte på Teams.

Frå administrasjonen møtte:

Sissa Ringstad

Meldt forfall

Siri Melhus

SR Sak 05/21

Møteplan for Valle og Hylestad sokneråd 2022

Sjå vedlegg: Møteplan for Valle og Hylestad sokneråd 2022

Forslag til vedtak: Møteplan for Valle og Hylestad sokneråd vert vedteken.

Samrøystes

SR Sak 06/21

Årsmøte Valle og Hylestad sokneråd

Arbeidsutvalet legg fram forslag til årsmøte søndag 7. november, etter gudsteneste i Valle kyrkje.

Samrøystes

FR sak 05/21

Ny representant til styret for diakoni i øvre Setesdal

Fast representant: Siri Melhus

Vara: Gudrun Sagneskar

Samrøystes

FR sak 06/21

Høyring ny kyrkjeordning

Vedtak: Valle og Hylestad sokneråd vedtek uttalen til Høyringa «Ny-kyrkjeleg-organisering».

6 røyster for

1 røyst mot - prost Gunnar Ellingsen

FR sak 07/21

Bilete til kyrkjestoga

Soknerådet takkar ja til tilbod frå Dag Ringstad som gjeld bilete til kyrkjestoga kr 5000.-

7 røyster for

1 røyst mot – Knut Olav Uppstad

Førespurnad frå Sissel Åkre

Kan det bli ei ordning med krossen, slik at dei som ikkje vil ha kors kan sette krossen attende når dei har bruka kyrkjestoga? For kyrkja sin part skulle kyrkjestoga vere ei erstatning for meinighetshuset og det er vondt for mange at krossen vert fjerna mest heile tida.

Førespurnad frå Knut Olav Uppstad

Kan arbeidsutvalet gje soknerådet ein skriftleg grunn for oppseiing av kyrkjetenar?

Valle 29.10.21

A. K. Ringstad